

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Drikke til maten til kvar-  
dags.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Mjølki.

I eldre tid var all mjølk brukt paa gardane. I 1890-aari vart bygd ei rekkja smørmeieri som tok ut fløyten og gjorde smør av den. Leverandørane fekk heimatt skummamjølki.

Sume sende og søtmjølki til utsal i Aalesund.

Fraa 1918 vart mjølki send til Sunnmøre Meieri i Aalesund. Meieriet nyttar baade fløyten og skummamjølki. Dette hev sjølv sagt havt sin innverknad paa mjølkebruken i heimane. Her fær ein gjerne eit bra bilæte av skilnaden millom sjølvbergingshushaldet, daa det galdt aa raada seg til mest mogleg mat av heimegarde, vera sjølvhjelp, og pengehushaldet, daa det galdt aa raada seg til mest mog-pengar.- Hev ein interessa av aa vita meir um dette and-synes mjølki, torer eg syna <sup>til</sup> skriftet "Sunnmøre Meieri 1918 1943".

1. Fraa gamalt av var nysila mjølk lite brukt. Det kunde einast vara til smaaborn. Umlag all mjølk vart "sett upp" d.v.s: Ho vart silt i treringjor - seinare i krusfat - og sett i "mjølkestolen". Han var laga med fleire breide hyl-lor og hang i omnskraai. Hit var den silte mjølki sett, og der stod ho til feittet la seg som tjukk rjome paa ringja. Rjomen vart so avteken og havd i rjomedallen.



Rjomen vart kinna til smør. Av saupet kokte dei brødgraut. Mjølki var no tjukt skyr, og dette vart nytta til mat <sup>en</sup> på ymis vis, kaldt um sumaren og varmt um vinteren. ~~Skumma mjølk brukte dei lite eller mest ikkje.~~ Skumma mjølk brukte dei lite og inkje. Det galdt aa faa rjome og smør, og so skyr. "Diamjølk" likte dei ikkje, Diamjølki var korkje søt eller sur.- Skyr er lite brukt no, men søtmjølk mykje meir enn fyrr.

2. Mjølk (skyr) var lite brukt som torstedrykk. Hadde ein rikeleg saup, brukte ein gjerne det utblanda i vatn.

3. Fraa fyrst eg minnest, og lenge fyre det, hadde dei blendekrukka standande i høgsetkraai. Den drakk kvar av som tyrst var. Blenda var mest av mysa og vatn. Derav namnet blenda av blanda. Det er longo slutt med dette no.

Øl.

4. Til jol bryggja kvar mann fyrr, og sume til slaatten med.- Under bryggingi tok dei fyrst godølet, so lettedrykken og sist spisselet. Lettedrykk og spissel var torstedrykk so lenge det varde, men ikkje godølet. Det skulde fiskekarane ha, og so gjester som kom til gards. Fraa 1890-aari er aa segja all ølbrygging slutt i grendene her.

Kaffi.

5. Aa segja nokor tid i dette høve er uraad, for det ym- sa so mykje fraa tun til tun. Fyre 1880 var det i alle høve mykje lite kaffidriking. Mine foreldre t.d. hadde ikkje kaffikjel fyrr i 1880. Den fyrste "kaffi" som vart brukt, var av brendt korn (bygg), Ekt kaffi var visst brukt fyrst i brudlaup, og med kvart til gjester og framande.

6. Fraa hundrada<sup>2</sup>sskiftet og serleg sidan ein sende mjølki fraa seg til meieri eller mjølkeutsal i byen, kann ein rekna kaffien som kvardagsdrykk.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

7. Tvo eller tri gonger. Til midmorgon og non, og suntid til kvelds.

8. Kaffien vert malen paa kaffikvern og havd i kjelen, når vatnet kokar. Han kokar litegrand og er ferdig. Sume brukar klaareskinn, men ingen seggeskal, og slett ikkje salt. Ein vil ha mest mogleg klar kaffi i koppen. Sit ein i lag hender det at ein og annan fer med og skal spaa i kaffigrugg. Nokoslag spaareglar kjenner eg ikkje til.

9. Brukar ein sukker til kaffien, er det jamnt stykkesukker (raffinade).

10. Vanleg søtmjolk er mest brukt i kaffien til kvardags.

Hev ein gjester eller framande, brukar ein fløyte. Ost eller vispa egg er ikkje brukt i kaffien.

Te.

11. Teen hev korkje vore eller er kvardagsdrykk. Berre no og daa kann ein ha te, og daa helst til kvelds. Ingen lagar te av heimlege plentor, det eg veit.

Brennevin.

12. Brennevinet var ikkje kvardagsdrykk, <sup>utan</sup> ~~ust~~ det var reint forfallnedrikkarar. Slike fanst diverre fyrr i tidi. No ikkje. Som regel hadde kvar mann ei brennevinsflaska eller tvo standande etter jolebrennevinet, for i joli skulde alle ha brennevin. Det var vis aa gjeva gjester ein dram. Var det takteking, fekk gjerne kvar tekkjar <sup>og</sup> ein dram. Det var ikkje brukt i onnetider.- Dei gamle heldt brennevinet som medisin baade for folk og fe, so dei kunde ikkje vera lens for den vara, um noko kom paa.

Nyare d<sup>h</sup>tykk.

13. Ingen av dei nemnde drykkjer er brukt til kvardags. Sume kjøper no og daa ein flaska vorterøl eller brus ~~h~~aa handlaren, og det vert jamnt drukke paa staden med same.

*Handwritten signature*

(1) Ivo sicut per somnum. In principio...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...

...